Sunnhordland Innkjøpsforum

Bømlo Fitjar Kvinnherad Stord Tysnes

KONKURRANSEGRUNNLAG

OPEN ANBODSKONKURRANSE

ETTER FORSKRIFTA SIN DEL I OG III

FOR ANSKAFFING AV

LÆREBØKER/ LÆREMIDLAR

SAK 2026/276

Innholdsfortegnelse

1 GENERELL SKILDRING ... 3
1.1 Oppdragsgjevar ... 3
1.2 Anskaffinga sitt føremål og omfang – Skildring av oppdraget ... 3
1.3 Kontraktsvilkår ... 4
1.4 Deltilbod ... 4
1.5 Viktige datoar ... 4
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD ... 5
2.1 Anskaffingsprosedyre ... 5
2.2 Krav til løns- og arbeidsvilkår ... 5
2.3 Krav til lærlingar ... 5
2.4 Skatteattest ... 6
2.5 Offentleglova og forvaltningslova – teieplikt m.m. ... 6
2.6 Frist for kor lenge eit tilbod skal vera bindande ... 6
2.7 Oppdatering av konkurransegrunnlaget ... 6
2.8 Tilleggsopplysningar ... 6
2.9 Avlysing av konkurransen ... 6
2.10 Oppdragsgjevar sitt atterhald ... 6
2.11 Kostnader med å delta i konkurransen ... 7
3 DET EUROPEISKE EIGENFRÅSEGNSSKJEMAET (ESPD) ... 7
3.1 Generelt om ESPD ... 7
3.2 Nasjonale avvisningsgrunnar ... 7
3.3 Samla erklæring for alle kvalifikasjonskrav i ESPD skjemaet ... 8
4 KVALIFIKASJONSKRAV ... 8
4.1 Eigenfråsegn ... 8
4.2 Leverandørens registrering, autorisasjon m.v. ... 8
4.3 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet ... 8
4.4 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar ... 9
4.5 Underleverandørar ... 9
5 TILDELINGSKRITERIER ... 10
5.1 Oversikt over tildelingskriteria ... 10
5.2 Evaluering pris ... 10
5.3 Tildelingskriterium – kvalitet – innhald og vurderng ... 10
5.4 Evalueringsmetode for kriteria knytt til kvalitet ... 11
5.4.1 Evaluering av kvalitet – kategoriar og poengskala ... 11

5.5 Klima- og miljøkrav 12
6 INNLEVERING AV TILBOD 13
6.1 Utforming av tilbodet 13
6.2 Elektronisk signatur 13
7 VEDLEGG 14

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Oppdragsgjevar

Konkurransen blir gjennomført av Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum, på vegne av kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Tysnes, og Etne. Nærare opplysningar om oppdragsgjevar og kontaktperson går fram av konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV). Kontaktperson for denne konkurransen er: Håkon Johnsen Skimmeland (innkjøpsrådgjevar i Bømlo kommune.)

Kvar kommune er ei sjølvstendig juridisk eining, og det vil såleis bli utarbeidd separat rammeavtale for den enkelte kommune, og som skal underteiknast av leverandør og den enkelte kommune. Konkurransen omfattar såleis i alt seks oppdragsgjevarar.

All kommunikasjon med oppdragsgjevar skal skje skriftleg gjennom oppdragsgjevar sin KGV. Dette gjeld også eventuelle spørsmål og svar. Det skal ikkje vere kontakt/ kommunikasjon med andre personar hjå oppdragsgjevar når det gjeld denne konkurransen enn ovanfor nemnde kontaktperson.

1.2 Anskaffinga sitt føremål og omfang – Skildring av oppdraget

Føremålet med anskaffinga er innkjøp av lærebøker og andre læremiddel. Kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Tysnes, og Etne – i dette dokumentet kalla oppdragsgjevar – har som mål å inngå rammeavtale om levering av lærebøker, læremidlar, skjønnlitteratur og fagbøker til skular og eventuelt andre einingar i kommunane – som mellom anna skule- og folkebibliotek. Avtala skal også omfatte konkretiseringsmateriell og digitale verktøy/ program knytt til opplæring.

Ei nærare skildring av anskaffinga, anskaffinga sitt føremål og omfang er å finne i oppdragsgjevar sin KGV.

Ei fullstendig skildring av leveransen går fram av kravsspesifikasjonen.

Oppdragsgjevar har som intensjon å inngå avtale med ein leverandør. Alle kommunane vil ha same leverandør.

Avtalen er planlagt å gjelda frå 01.09.2026 og ha ei lengd på to år. I tillegg kjem to år som einsidig opsjon for oppdragsgjevar med 1 + 1 år. Opsjon skal tre automatisk i kraft dersom det ikkje blir levert inn melding om opphøyr innan tre månader før opsjonsåret tek til. Leverandør kan sei opp avtalen med 12 (tolv) månaders varsel før forlengingstidspunktet.

Når det gjeld volum av innkjøp, blir dette estimert til om lag 12 000 000,- årleg. Totalt over ein periode på fire år, blir dette om lag kroner 48 000 000,- inkludert opsjonar og forventa prisstigning. Det blir understreka at dette estimatet er basert på statistikk og opplysningar frå oppdragsgjevar sin noverande leverandør og eigne økonomidata, teljing og framskriving i dei enkelte kommunane. Oppgjeve volum er ikkje bindande på noko vis. Det blir teke atterhald om endringar i estimert volum, mellom anna med bakgrunn i den enkelte kommune sin budsjettsituasjon som kan påverka oppdragsgjevar sin aktivitet, omorganisering, og andre rammefaktorar.

1.3 Kontraktsvilkår

Kontrakten blir regulert av kontraktsvilkåra i standard rammeavtale.

1.4 Deltilbod

Det blir ikkje høve til å levere inn deltilbod. Framtidige brukarar av avtalen har uttrykt eit behov for å berre halde seg til ein leverandør for både dei fysiske og digitale læremidla. I tillegg til at dette klart forenklar prosessen med bestillingane, så blir det også vist til at dei fysiske og digitale læremidla står fram som integrerte. For å betra konkurransesituasjonen, ynskjer oppdragsgjevar å gjera leverandørar merksame på høve for fleire leverandørar å delta i konkurransen i fellesskap, jamfør FOA § 16-11, samt høve for leverandørar å søke støtte frå andre verksemder jamfør FOA § 16-10.

1.5 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	31.07.2026 kl. 12.00
Frist for å levere inn tilbod	07.08.2026 kl. 12.00
Tilbodsopning	Etter tilbodsfrist
Evaluering	Veke nr. 33-34
Val av leverandør og underretning til leverandør	Etter evaluering
Avslutning av karensperiode	Blir opplyst om i tildelingsbrevet
Kontraktsinngåing	Etter karensperioden
Frist for kor lenge tilbodet skal vera bindande	90 dagar

Leverandørane blir med dette gjort merksame på at tidspunkta etter opning av tilboda er førebelse. Ei eventuell forlenging av frist for å vedstå tilbodet kan berre skje med leverandøren sitt samtykke.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga vil bli gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 nr. 73 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) av 12. august 2016 nr. 974 Del I og III. Tildeling av kontrakt vil bli gjennomført etter prosedyren open anbodskonkurranse, jamfør FOA § 13-1 første ledd.

I denne konkurransen er det ikkje høve til å forhandla. Det er såleis ikkje høve for leverandørane å endra sitt tilbod etter at fristen for å levere inn tilbod har gått ut. Leverandørane blir vidare gjort merksame på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta skal avvisast etter FOA § 24-8 første ledd, bokstav b. Oppdragsgjevar kan avvisa tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklåre forhold eller liknande som ikkje er ubetydelege. Det blir vist til FOA § 24-8 andre ledd, bokstav a. Med omsyn til dette, blir leverandørane oppfordra på det sterkaste å følgje instruksane som blir gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stiller spørsmål dersom noko er uklårt.

Tilbodet skal utarbeidast etter dei retningslinjer som er gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og skal leverast elektronisk ved bruk av oppdragsgjevar sin KGV.

2.2 Krav til løns- og arbeidsvilkår

Konkurransen gjeld også anskaffing av ei tenestekontrakt, og som er knytt til dei digitale læremidla. Kontrakten vil difor innehalde krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om løns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112. Det blir vists til § 4 i forskrifta, samt §§ 5 og 5a.

2.3 Krav til lærlingar

Konkurransen gjeld som nemnd også anskaffing av ei tenestekontrakt. Kontrakten vil difor som utgangspunkt innehalde krav til lærlingar i samsvar med forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar av 17. desember 2016 nr. 1708. Leverandørane vil bli bedt om å få avklart aktuelle utdanningsprogram, slik at det kan bli endeleg avklart om det ligg føre eit særleg behov for læreplassar, jamfør § 6 andre ledd i forskrifta.

2.4 Skatteattest

Den valde leverandøren skal på førespurnad legge fram skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld likevel berre dersom den valde leverandøren er norsk. Skatteattesten skal ikkje vera eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod. Oppdragsgjevar tek atterhald om retten til å hente inn oppdatert skatteattest før underteikning av kontrakt.

2.5 Offentleglova og forvaltningslova – teieplikt m.m.

For ålmenta sitt innsyn i dokument til ei offentleg anskaffing gjeld offentleglova av 19. mai 2006 nr. 16. Oppdragsgjevar og oppdragsgjevar sine tilsette plikter å hindra at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold som det av omsyn til konkurranse vil ha betydning å halde hemmeleg. Det blir vist til FOA § 7-4, jamfør forvaltningslova av 10. februar 1967 § 13.

2.6 Frist for kor lenge eit tilbod skal vera bindande

Leverandøren må stå ved sitt tilbod fram til det tidspunkt som går fram av punkt 1.5 ovanfor.

2.7 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga i KGV.

2.8 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklårt, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar frå oppdragsgjevar via KGV.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, blir det bede om at dette blir formidla til oppdragsgjevar via KGV.

2.9 Avlysing av konkurransen

Oppdragsgjevar kan avlyse konkurransen dersom det ligg føre ein sakleg grunn, jamfør FOA § 25-4 første ledd.

2.10 Oppdragsgjevar sitt atterhald

Oppdragsgjevar tek atterhald om:

- Å avlysa konkurransen og forkaste alle tilbod dersom det ligg føre sakleg grunn til det. Vurdering av om det ligg føre sakleg grunn vil skje i samsvar med føresegna i FOA § 25-4.

- Å avvisa ein leverandør som ikkje leverer komplett og underteikna tilbod og oppfyller dei krav som er skissert i konkurransegrunnlaget og i FOA. Vurderinga av avvising vil skje i samsvar med føresegna i FOA kapittel 24.
- Endringar i volum som følgje av endra økonomiske rammevilkår, organisatoriske endringar og kommunal aktivitet.

2.11 Kostnader med å delta i konkurransen

Kvar ein kostnad som ein leverandør har i samband med sjølve konkurransen, må leverandør dekka sjølve. Dette omfattar såleis alle kostnader knytt til utarbeiding, innlevering og oppfølging av tilbodet. Det same gjeld eventuelle kostnader som er pådregne ved demonstrasjonar, testar, forhandlingar, oppstartsmøte eller liknande. Dette gjeld sjølv om konkurransen blir avlyst i samsvar med FOA § 25-4.

3 DET EUROPEISKE EIGENFRÅSEGNSSKJEMAET (ESPD)

3.1 Generelt om ESPD

Som ein førebels dokumentasjon på at kvalifikasjonskrava er oppfylt, at det ikkje ligg føre grunnlag for avvising, og at eventuelle utvalskriterium er oppfylt, skal leverandøren fylle ut vedlagte ESPD skjema. Skjemaet skal leverast saman med tilbodet. Den eller dei leverandørane som blir innstilt til å gjera kontrakt med, må før kontrakt blir gjort dokumentera at kvalifikasjonskrava er oppfylt i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrava.

Oppdragsgjevar kan på kvart eit tidspunkt i konkurransen be leverandørane levere alle eller delar av dokumentasjonsbevisa dersom dette er naudsynt for å sikra at konkurransen blir gjennomført på ein korrekt måte. Det blir vist til FOA § 17-1 tredje ledd.

Dersom fleire leverandørar deltek i konkurransen i fellesskap, skal dei deltakande leverandørane levere inn separate eigenfråsegn.

3.2 Nasjonale avvisningsgrunnar

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunnar, seksjon D: «Andre avvisningsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivningen i oppdragsgiverens medlemsstat» -

Dei norske reglane for anskaffing går lenger enn kva som følgjer av grunnlaga for avvising som går fram av EU sitt direktiv om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det blir difor presisert at i denne konkurransen så gjeld også alle grunnlaga for avvising i FOA § 24-2, inkludert dei reint nasjonale grunnlaga for avvising.

<u>Følgjande grunnlag for avvising i FOA § 24-2 er reint nasjonale</u>:

- § 24-2 andre ledd: I denne føresegna er det bestemt at oppdragsgjevar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedteke eit førelegg for dei aktuelle straffbare forholda. Kravet til at oppdragsgjevar skal avvise leverandørar som har vedteke førelegg for dei aktuelle straffbare forholda er eit særnorsk krav.
- § 24-2 tredje ledd, bokstav i: Grunnlaget for avvising i ESPD skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, mens den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan føre til tvil om leverandøren sin integritet knytt til yrke.

3.3 Samla erklæring for alle kvalifikasjonskrav i ESPD skjemaet

For denne konkurransen kan leverandørane i ESPD skjemaet gje ei samla fråsegn om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som går fram av dette konkurransegrunnlaget. Dette blir gjort i Del IV seksjon a i ESPD skjemaet.

4 KVALIFIKASJONSKRAV

4.1 Eigenfråsegn

For å kunne få sitt tilbod evaluert, må leverandøren fylle ut det elektroniske eigenfråsegnskjemaet (ESPD) om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er lista opp i punkta nedanfor.

4.2 Leverandørens registrering, autorisasjon m.v.

KRAV: Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller registrert i eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

DOKUMENTASJON: Norske selskap skal legge fram firmaattest. Utanlandske selskap skal dokumentere at dei er registrert i eit register som svarer til eit norsk føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten som leverandøren er etablert.

4.3 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet

KRAV: Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten. Kredittverdigheit utan krav til trygd vil vere tilstrekkeleg for å oppfylle kravet.

DOKUMENTASJON: Kredittvurdering som baserer seg på sist kjente rekneskapstal. Vurderinga skal vera utført av ei kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd. Oppdragsgjevar tek atterhald om å sjølv hente inn ytterlegare kredittopplysningar som mellom anna – men ikkje avgrensa til – årsrekneskap inklusive notar, styret si årsmelding og revisjonsmeldingar.

Dersom leverandøren har sakleg grunn til å ikkje legge fram den dokumentasjonen som oppdragsgjevar har kravd, kan denne leverandøren dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å legge fram eitkvart anna dokument som oppdragsgjevar meiner er eigna.

4.4 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

KRAV: Leverandøren skal ha røynsle frå relevante oppdrag.

DOKUMENTASJON: Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag dei siste 3 åra. Skildringa må inkludera ei oppføring av verdien av oppdraga, tidspunkt for gjennomføring av oppdraga og oppdragsgjevar (namn, telefonnummer og e-post). Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentera relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentera røynsla gjennom å vise til kompetanse til personell som han råder over og kan nytta til vedkommande oppdrag, sjølv om røynsla er opparbeidd mens personellet har utført teneste hjå ein annan leverandør/ arbeidsgjevar.

4.5 Underleverandørar

Leverandøren kan for denne kontrakten støtte seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle kravene til økonomisk og finansiell kapasitet, jamfør FOA § 16-3, og tekniske og faglige kvalifikasjonar, jamfør FOA § 16-5.

Dersom ein leverandør støttar seg på kapasiteten til andre verksemder, skal leverandøren dokumentere at han råder over dei naudsynte ressursane i desse verksemdene, jamfør FOA § 16-10. Dette kan for eksempel bli gjort gjennom ei fråsegn om forplikting.

Det skal i tillegg leverast inn eigne ESPD skjema for aktuelle underleverandørar.

5 TILDELINGSKRITERIER

5.1 Oversikt over tildelingskriteria

Tildelinga vil skje på grunnlag av følgjande hovudkriterium:

- Pris
- Kvalitet

Kriteria vil bli tillagd vekt på bakgrunn av følgjande:

Nr.	TILDELINGSKRITERIUM	PUNKT I KRAVSSPESIFIKASJON	Dokumentasjon	VEKTING
1.0	**Pris: Under dette kriteriet er det utfylt prisskjema som er grunnlag for evalueringa.**	**B.2 og C.2**	**Utfylt prisskjema (Vedlegg 2 til Konkurransegrunnlaget)**	**50%**
2.0	**Kvalitet**	**Punkt B og C**	**Utfylt kravsspesifikasjon (Vedlegg 4 til konkurransegrunnlaget)**	**50%**
2.1	Generelle krav	B.1 og C.1	Utfylt C.1.9	**5 %**
2.2	Bestilling og levering	B.3 og C.3	Utfylt punkt B.3.8	**15 %**
2.3	Webbasert plattform for kjøp og oversikt	B.4 og C.3.9	Utfylt punkt C.3.9	**20 %**
2.4	E-handel	B.5 og C.4	-	**5 %**
2.5	Sortiment og kvalitet	B.6	Utfylt punkt B.6.1 og B.6.2	**25 %**
2.6	Implementering	B.7	Utfylt punkt B.7.2	**10 %**
2.7	Service og brukarstøtte	B.8 og C.5	Utfylt punkt B.8.2, B.8.3 og B.8.4, C.5.3	**20 %**
2.8	Personvern	B.9 og C.7	-	-

5.2 Evaluering pris

I evaluering av pris vert det nytta ein lineær modell der det vert gitt poeng på ein skala frå 0-10 poeng der det ikkje er mogleg å få lågare enn 0 poeng. Det vert gitt 10 poeng til tilbodet med lågast totalpris. Lågaste totalpris får 10 poeng, medan dei andre tilbode frå poeng ut frå følgjande formel:

10-10X(Pe-Pb/Pb), der Pe er den prisen som blir evaluert og Pb er beste (lågaste) pris.

5.3 Tildelingskriterium – kvalitet – innhald og vurdering

Tildelingskriteriet kvalitet blir evaluert på bakgrunn av leverandøren sine svar på evalueringskrava (E-krav) i kravsspesifikasjonen (Vedlegg 4), slik desse er spesifiserte i tabellen i punkt 5.1.

Oppdragsgjevar vil vurdera i kva grad dei enkelte løysingane:

- Oppfyller oppdragsgjevar sitt behov
- Står fram som føremålstenlege, effektive og moglege å gjennomføra
- Gir meirverdi utover minimumskrava

Det blir lagt vekt på graden av konkretisering, relevans og realisme i leverandøren sine skildringar. Generelle eller lite underbygde utsegner vil kunne gje lågare poengscore.

Minimumskrav (M-krav) og minimumskrav med utgreiing (M/U-krav) blir ikkje vurderte som del av tildelingskriteria, men skal dokumentera at desse krava er oppfylte.

Dei oppgitte dokumentasjonskrava i tabellen viser til dei konkrete evalueringskrava (E-krava) som inngår i evaluering av kvalitet.

5.4 Evalueringsmetode for kriteria knytt til kvalitet

Det vil bli nytta ein relativ poengmodell. For kvart tildelingskriterium og delkriterium blir det gjeve ein poengscore frå 0 til 10, der beste tilbod frå 10 poeng. Andre tilbod får poeng basert på relative forskjellar samanlikna med beste tilbod.

Poengscore innan kvart delkriterium blir multiplisert med aktuell vekting, og summert. Tilbodet med høgast samla poengsum vil bli tildelt kontrakt.

5.4.1 Evaluering av kvalitet – kategoriar og poengskala

Type A – skildring av løysing

Gjeld følgjande evalueringskrav:

B.3.8, B.6.1, B.6.2, B.7.2 og C.1.9

Det blir vurdert kor godt løysinga er tilpassa oppdragsgjevar sitt behov. Inn under behov ligg vurdering av funksjonalitet, i kva grad løysinga kan bli gjennomført og grad av meirverdi for oppdragsgjevar.

Poengskala:

- 10 poeng: Svært godt gjennomarbeidd og overtydande løysing som i stor grad gjev meirverdi for oppdragsgjevar og er svært godt tilpassa oppdragsgjevar sitt behov
- 7-9 poeng: God løysing som dekker behovet godt, med noko meirverdi
- 4-6 poeng: Tilfredsstillande løysing, men med avgrensa konkretisering eller meirverdi
- 1-3 poeng: Svak løysing med manglar eller låg relevans
- 0 poeng: Manglande eller ikkje relevant svar

Type B – System og funksjonalitet

Gjeld følgjande evalueringskrav:

C.3.9

Det blir vurdert kor funksjonell, brukarvennleg og oversikteleg løysinga er, samt i kva grad ho gjev god styringsinformasjon for oppdragsgjevar.

Poengskala:

- 10 poeng: Svært funksjonell, brukarvennleg og oversikteleg løysing med god støtte for styring og kontroll
- 7-9 poeng: God funksjonalitet og ei løysing som er brukarvennleg
- 4-6 poeng: Akseptabel løysing, men med avgrensa funksjonalitet eller oversikt
- 1-3 poeng: Lite funksjonell eller lite oversikteleg løysing
- 0 poeng: Manglande eller ikkje relevant svar

Type C – Service og brukarstøtte

Gjeld følgjande evalueringskrav:

B.8.2, B.8.3, B.8.4 og C.5.3

Det blir vurdert kompetanse, kapasitet og organisering av service- og brukarstøtte, samt leverandøren si evne til å sikra god og stabil oppfølging i avtaleperioden.

5.5 Klima- og miljøkrav

Oppdragsgjevar har bestemt seg for å stille klima- og miljøkrav i kravsspesifikasjonen som minimumskrav, framfor å ha dette som eit tildelingskriterium. Oppdragsgjevar meiner dette gjev ein betre klima- og miljøeffekt. Det blir vist til FOA § 7-9 fjerde ledd. Grunngjevinga for dette er:

Anskaffinga gjeld levering av skulebøker, der den aktuelle marknaden i stor grad gjev tilbod om likearta produkt, og der klima- og miljøpåverknaden i stor grad er knytt til transport, emballasje og miljømerking. Ved å stille konkrete minimumskrav til desse forholda i kravsspesifikasjonen, sikrar oppdragsgjevar at alle potensielle leverandørar oppfyller eit minimumsnivå for klima- og miljøprestasjon.

Minimumskrava til klima- og miljøomsyn er omtala i punkt B.10 i kravsspesifikasjonen.

6 INNLEVERING AV TILBOD

6.1 Utforming av tilbodet

Tilbodet skal leverast via oppdragsgjevar sin KGV.

Tilbodet skal i sin heilskap bli levert etter den utforminga som går fram av oppdragsgjevar sin KGV, og innan tilbodsfristen. Innlevering av tilbod via e-post eller liknande vil føre til avvising av tilbodet. Tilbodet skal vere bindande. Leverandøren har risiko for uklårleik i tilbodet.

Leverandøren skal fylle ut og svare ut alle punkta i konkurransedokumenta. Dokumentasjonen skal lastast opp som Pdf-filer dersom ikkje anna format er spesifisert. Prisark skal lastast opp som Excel-fil. Leverandørane sine tilbod skal leverast med inndeling som skildra nedanfor:

Dokumentasjon	Innhald	Filnamn/ Vedlegg
Signert tilbodsbrev	Tilbodsbrev med forpliktande underskrift	Tilbodsbrev/ Vedlegg 1
Avvik og atterhald		Avviksskjema/ Vedlegg 2
Kvalifikasjonskrav	Førebels dokumentasjon på at kvalifikasjonskrava er oppfylt	ESPD via KGV
Eigenrapporteringsskjema	Utfylt eigenrapporteringsskjema	Vedlegg 3
Kravsspesifikasjon		
Leverandøren si skildring av tenesta	Leverandøren sine svar på oppdragsgjevar sin kravsspesifikasjon, jamfør punkt 5.1 i konkurransegrunnlaget.	Kravsspesifikasjon (Word-fil) Vedlegg 5
Prisskjema	Utfylt prisskjema. Heile prisskjemaet må vera korrekt utfylt.	Prisskjema (Excel-fil) Vedlegg 6
Sladda utgåve av tilbodet		«Sladd» (Leverandøren sitt eige dokument)

6.2 Elektronisk signatur

Oppdragsgjevar rår til at leverandørane nyttar seg av elektronisk signatur for å autentifisera seg ved innlevering av tilbod. Elektronisk signatur kan eventuelt bestillast på www.commfides.com, www.buypass.no eller www.bankid.no.

7 VEDLEGG

- Vedlegg 1: Tilbodsbrev
- Vedlegg 2: Skjema for leverandørens atterhald og avvik
- Vedlegg 3: Eigenrapporteringsskjema
- Vedlegg 4: Generelle avtalevilkår
- Vedlegg 5: Kravsspesifikasjon
- Vedlegg 6: Prisskjema